

Mandag 10. mars, 2014

Tilstandsrapport for grunnskolen

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Desse har ansvar for å utarbeide ein årleg tilstandsrapport:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Rapport om tilstanden i opplæringa

Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd). Den årlege rapporten skal drøftast av skolereigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10, andre ledd. Det er fastsett i privarskolelova § 5-2, andre ledd, bokstav k, at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolane.

Det følgjer av forarbeida til føresegnene - Ot.prp.) nr. 55 (2008-2009) s. 24 - at det skal vere mogleg å tilpasse arbeidet med å utarbeide ein årleg tilstandsrapport til det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigaren.

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytte til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gi grunnlag for å vurdere kor langt skoleeigaren er kommen i å nå måla.

Krav til innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skoleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skoleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skoleeigarar og skolar blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Det følgjer av Ot.prp. nr. 55 (2008-2009), s. 24, at tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, innheld ikkje særskilde data om vaksne dvs.deltakarar som får opplæring etter kapittel 4A i opplæringslova. I vurderinga av om rettane til vaksne blir tekne vare på når det gjeld områda læringsresultat, fråfall og

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

læringsmiljø, må skoleeigaren derfor bruke andre kjelder for datainnhenting.

I St.meld. nr. 16 (2006-2007) går det fram at tidleg innsats er vesentleg for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane. Kartlegging av ferdigheitsnivået til elevane må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om spesialundervisning, og skoleeigaren må derfor også på dette området bruke andre kjelder for datainnhenting.

Skoleeigaren står elles fritt til å utvide innhaldet i tilstandsrapporten.

Det generelle systemkravet

Den plikta skoleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll, omfattar alle pliktene som ligg til skoleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan vere teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan òg gjelde for lokale indikatorar. Derfor ei påminning om at desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilsynsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformene, kan likevel vere på bokmål.

Innhald

1. Samandrag	4
2. Hovudområder og indikatorar	7
2.1. Elevar og undervisningspersonale	7
2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk.....	7
2.1.2. Lærartettleik.....	8
2.2. Læringsmiljø	9
2.2.1. Trivsel med lærarane	9
2.2.2. Mobbing på skolen.....	11
2.2.3. Fagleg rettleiing	13
2.2.4. Meistring	15
2.2.5. Fagleg utfordring.....	16
2.3. Resultat	18
2.3.1. Nasjonale prøver lesing 5. steget	19
2.3.2. Nasjonale prøver lesing ungd. steg	20
2.3.3. Nasjonale prøver rekning 5. steget	21
2.3.4. Nasjonale prøver rekning ungd. steg.....	23
2.3.5. Nasjonale prøver engelsk 5. steget.....	24
2.3.6. Nasjonale prøver engelsk ungd. steg	25
2.3.7. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk	27
2.3.8. Grunnskolepoeng	28
2.4. Gjennomføring.....	29
2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO	30
3. System for oppfølging (internkontroll)	31
4. Konklusjon	32

1. Samandrag

Dette er Radøy si tredje kvalitetsmelding. I følgje system for oppfølging skal det lagast ei slik melding årleg. Kapasitetsproblem har ført til at vi ligg noko etter, og denne meldinga dekkjer perioden august 2011 - desember 2013.

Handteringa av resultatane vil i hovudsak bli styrt frå kommunen si side gjennom tiltaksdelen i Kvalitetsmelding 2011 (La linea - tidleg innsats heile vegen). Tiltaksdelen utfordrar til eit breitt tverretatleg samarbeid, og til eit grundig implementeringsarbeid i kvar eining.

Tilstandsrapporten må sjåast på som ei løypemelding inn mot det utviklingsarbeidet som kommunen har sett i gang langs La linea. Kvalitetsmeldinga vart godkjent ultimo april 2011, og er såleis fersk m.o.t. alle tiltaka som er føreslegne.

Tala er på ein del område springande i løpet av perioden, med merkbare endringar frå år til år. Dette heng truleg saman med det relativt låge talet på elevar vi har. Det vert for tida vurdert frå administrativt hald i kommunen om ein skal gjere elevundersøkinga obligatorisk for alle elevar i kommunen frå 5. - 10. trinn kvart år, for å få eit breiare vurderingsgrunnlag. Pr i dag er elevundersøkinga berre obligatorisk for 7. og 10. årstrinn i alle kommunar, medan det er valfritt å ta med dei andre trinna frå 5. - 10. trinn.

Når ein jobber med kvalitetsutvikling i skulen, vil det vere viktig å analysere data og resultat på ein grundig og systematisk måte, både kommunen sett under eitt og på kvar einskild skule. I den vidare prosessen med rapporten er følgjande spørsmål viktige å avklare:

- Kan resultatane forklarast med utgangspunkt i dei forutsetningane vi har?
- Kan resultatane forklarast med utgangspunkt i måten vi jobbar på?
- Kan resultatane forklarast med utgangspunkt i det vi ikkje gjer?

Betere resultat i Radøyskulen i framtida handlar om:

- Systematisk, metodisk, grundig og planlagt arbeid over tid.
- Tiltak basert på forskning, kunnskap og evidens.
- Systemiske prosessar i lærande organisasjonar.
- Kommunikasjon og tillit
- Godt leiarskap

I det vidare arbeidet med kvalitetsutvikling i Radøyskulen ser ein for seg fire fokusområde:

- Skule/heim samarbeid
- Grunnleggjande ferdigheiter
- Klasseleiing/læringsmiljø
- Leiing

Elevar og undervisningspersonale

Det er eit mål for Radøy å ha ein tilfredsstillande lærartettleik, dvs. at det ikkje vert for mange elevar pr lærar. Med gjennomgåande små skular vil dette vera ein naturleg konsekvens. Samstundes er Radøy ein økonomisk pressa kommune, og vi verken kan eller bør ta mål av oss til å ha ein lærartettleik som er langt større en fylke/landsnivå. I rapporten ser vi at Radøy, trass i trong økonomi, har høgare lærartettleik enn fylke og landsplan, men lågare enn kommunegruppe 2.

Læringsmiljø

Det er ei utfordring når ein skal tolke resultat frå elevundersøkinga at ein ikkje finn normerte skalaer i samfunnsvitskapen. Dette tyder mellom anna at ingen spørsmål er verdifrie, og korleis ein formulerer spørsmåla er med på å forme svara - "som du spør, får du svar". Analyse av kvalitet må byggje på ein analyse av samanheng, og det er naudsynt å finne relevante samanlikningar.

Det er og viktig å hugse på 0,3 regelen om statistisk signifikans. Dette inneber at skilnaden for ein liten kommune som Radøy, med ca 60 elevar pr årstrinn, på dei fleste område må vere rundt 0,3 i den eine eller andre retninga for at det i det heile tatt kan vurderast om ein skil seg frå samanlikningsgruppene, både positivt eller negativt. Med andre ord vil resultat innafor 0,3 i begge retningar bli rekna som "ingen skilnad" statistisk.

Resultata frå elevundersøkinga viser at vi jamt over har eit læringsmiljø på linje med dei vi samanliknar oss med, dvs. kommunegruppe 02, Hordaland fylke, og landsplan. Det er ei utfordring at ein ikkje har oppdaterte tal frå inneverande skuleår på elevundersøkinga, då publiseringa av desse tala frå Utdanningsdirektoratet si side har vorte forsinka. Siste oppdatering på dette området er at tala vil verte publiserte i løpet av april. Uansett vil våre eigne lokale undersøkingar, observasjonar, samtalar og kartleggingar vere vel så viktige for arbeidet med desse områda, då desse gjev grunnlag for strakstiltak i tiltaksarbeid mellom anna mot mobbing.

Resultat

Det er viktig når ein studerer data for Radøy, å sjå resultata opp mot at det er om lag 60 elevar pr årskull som svarer kvart år. Signifikansen til marginale endringar må vegast opp mot dette. I kommunar på denne størrelsen vil resultat på nasjonale prøvar variere med årskulla, då kvar einskild elev utgjer ein relativt stor prosentdel av sluttresultatet. Kunnskap om dei einskilde årskulla og elevane vil difor vere avgjerande når ein analyserer resultata på nasjonale prøver kvart år. I Radøy skjer den viktigaste analysen på skulenivå, i forhold til korleis kvar einskild elev presterer sett opp mot andre vurderingar av eleven sin kompetanse.

Nasjonale prøvar(NP) i lesing, rekning og engelsk

Lesing:

I arbeidet med nytt leseopplæringsprogram, har vi fått sjå skular som har greidd å snu utviklinga og få til tydelege betringar. Det nye forskingsbaserte leseopplegget - der ein både har fokus på byrjaropplæringa og vidare foredling av leseugleik gjennom heile skuleløpet, vil forhåpentlegvis bety ei positiv endring for alle elevane i Radøy. På ungdomsskulen vert det til vanleg arbeidd med leseforedling ved å auke sjølve leseerfaringa, og å lære elevane god studieteknikk. Nytt program for leseforedling (SOL) vil gi skulen eit verkty til å synleggjere for kvar einskild elev korleis han/ho kan bli ein betre lesar.

Rekning:

Med unntak av inneverande skuleår, har ein hatt ei fin utvikling dei seinare åra . Særleg gledeleg at vi dei siste åra har færre elevar på nivå 1 enn tidlegare. Regionalt er matematikk eit satsingsområde i tida framover, og her lokalt i Nordhordland vert det jobba med å utarbeide eit tilbod om vidareutdanning i matematikk for lærarar på barnetrinnet i samarbeid med NLA på Breistein.

I matematikk på 8. trinn har ein hatt ei negativ utvikling på dei to lågaste nivåa. Rett nok ser vi ei positiv utvikling frå skuleåret 10/11 til 11/12, men ho vert reversert i 12/13 og 13/14. Eit positivt poeng er det at ein har fått litt fleire elevar på dei to høgaste nivåa inneverande skuleår enn tidlegare år.

Det er viktig å ha klart før seg at testinga vert utført om hausten i 8. klasse. Arbeidet med å styrkja desse resultata må såleis setjast inn på mellomsteget i barneskulen. Det er ønskeleg å styrkja lærarane sin matematikk-kompetanse. Gjennom Norhordland kursregion arbeider vi derfor med å få til ei desentralisert vidareutdanning i matematikk i regionen.

Engelsk:

Skuleåret 11/12 gjekk denne prøven ut i heile landet for 5. kl, grunna ymse tekniske problem knytta til gjennomføring av prøva. Skuleåret 12/13 ser vi det beste engelskresultatet vårt i 5. klasse nokonsinne. Inneverande skuleår er resultatet noko dårlegare, med fleire elevar på lågaste nivå og færre på høgste nivå.

Utviklinga på 8. trinn dei siste åra er blanda, men med ein tilbakegang inneverande skuleår. Vi har framleis for mange elevar på nivå 1 og 2. Det er ikkje enkelt å hente dette inn att så seint i skuleløpet. På desse nivåa kan ein finne mange elevar som har gått over tid og ikkje meistra. Med det nye systemet for leseforedling vi no tek i bruk, kan det bli enklare å finne ut, og synleggjere, korleis den einskilde eleven kan få til å gjere det betre også i dette i faget.

Resultat:

Samanheng standpunkt - eksamen:

Vi ser at i matematikk er det stor skilnad mellom standpunktkarakter og eksamen. Slike avvik ser ein også hjå dei vi samaliknar oss med, men skilnaden er merkbart større i Radøy. Det må ein ta med seg inn i den vidare kvalitetsutviklinga av vurderingsarbeidet ved ungdomsskulen.

I norsk er skilnaden mellom standpunkt og eksamen på eit lågt nivå i Radøy, og klart mindre enn gruppene ein vert samanlikna opp mot.

I engelsk skil Radøy seg frå dei andre gruppene med å ha høgare snitt på eksamen enn på standpunkt.

Grunnskulepoeng

Vi skal vere obs. på at grunnskulepoenga er rekna ut på gjennomsnittet av standpunkt x 10. Dersom det skulle vere relevant å samanlikne desse poenga, burde ein vere trygg på at det er ein lik vurderingskultur på alle skular og kommunar. Det er det ikkje - og då kan ein sjølvstilt stille spørsmål ved nytten av slik direkte samanlikning. Det kan likevel vere av ein viss verdi å sjå seg sjølv opp mot andre relevante kommunar, i forhold til om ein har store avvik den eine eller den andre vegen. Store avvik kan vere eit teikn på at ein må sjå på og evaluere eigen vurderingspraksis.

Sett over tid ligg Radøy ganske så stabilt når det gjeld grunnskulepoeng. Variasjonen mellom 2008 - 2013 er 1,1 poeng, og samanlikna med andre relevante grupper er vi heilt på snitt med dei.

Gjennomføring

Overgang grunnskule - vidaregåande skule

Generelt er 4,5 % som ikkje tek til på VGS eit høgt tal, men dersom dei td. går på folkehøgskule er det knapt eit problem. Slike opplysningar har vi ikkje pr i dag.

Sett frå eit overordna samfunnsperspektiv, vil kanskje graden av gjennomføring av vidaregåande utdanning, vere den viktigaste kvalitetsindikatoren å måle Radøyskulen opp mot. For å kunne gjere det treng vi andre og meir omfattande verkty enn det vi har i dag. Kvalitetssystemet PULS, utvikla av Conexus, er pr i dag eit av få dataverkty som er utvikla eine og aleine med tanke på å betre kommunar og fylkeskommunar sitt kvalitetsarbeid i skulen. Skuleeigarane i Nordhordland er no i ferd med å greie ut om ein skal ta i bruk dette kvalitetssystemet.

2. Hovudområder og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

Om Elevar og undervisningspersonale

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med desse indikatorane i tilstandsrapporten:

- talet på elevar og lærarårsverk (sum årsverk for undervisningspersonalet)
- lærartettleik (lærartettleik 1.-7. steget, lærartettleik 8.-10. steget)

2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning.

Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomsteget.

I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Lokale mål

Undervisningspersonalet i Radøy skal ha godkjent utdanning for det nivået og dei faga det vert undervist i.

Radøy kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14
Talet på elevar	666	662	657	622	625
» Årsverk for undervisningspersonale	65,2	64,8	63,7	59,9	61,8

Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Vurdering

Reduksjonen heng saman med reduksjon i elevtalet, og med vedtekne innsparingsmål for Radøy kommune.

2.1.2. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik 8.-10. steget


Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 8.-10. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lokale mål

Det er eit mål for Radøy å ha ein tilfredsstillande lærartettleik, dvs. at det ikkje vert for mange elevar pr lærar. Med gjennomgåande små skular vil dette vera ein naturleg konsekvens. Samstundes er Radøy ein økonomisk pressa kommune, og vi verken kan eller bør ta mål av oss til å ha ein lærartettleik som er langt større en fylke/landsnivå.

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2012-13 | Grunnskole



Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

I desse tabellane tyder høge verdjar låg lærartettleik (mange elevar pr lærar).

Utviklinga på barnetrinnet frå 11/12 til 12/13 er i tråd med nedgangen i lærarårsverk, medan styrkinga på ungdomstrinnet kjem av at elevtalet her falt meir enn tilsvarande reduksjon i lærarårsverk.

Vi ser at Radøy, trass i nedskjeringane, har høgare lærartettleik enn fylke og landsplan, men lågare enn kommunegruppe 2.

2.2. Læringsmiljø

Om Læringsmiljø

Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring. Skoleeigarar og skoleleiarar er pålagde å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og Vg1. Eit utval av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som ligg i Skoleporten. Resultata frå Elevundersøkinga er viste i ein eigen rapportportal.

I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- trivsel
- mobbing på skolen
- fagleg rettleiing
- meistring
- fagleg utfordring

Det er ei utfordring når ein skal tolke resultat frå elevundersøkinga at det ikkje finnest normerte skalaer i samfunnsvitskapen. Dette tyder mellom anna at ingen spørsmål er verdifrie, og korleis ein formulerer spørsmåla er med på å forme svara - "som du spør, får du svar". Analyse av kvalitet må byggje på ein analyse av samanheng, og det er naudsynt å finne relevante samanlikningar.

Det er og viktig å hugse på 0,3 regelen om statistisk signifikans. Dette inneber at skilnaden for ein liten kommune som Radøy, med ca 60 elevar pr årstrinn, på dei fleste område må vere rundt 0,3 i den eine eller andre retninga for at det i det heile tatt kan vurderast om ein skil seg frå samanlikningsgruppene, både positivt eller negativt. Med andre ord vil resultat innafor 0,3 i begge retningar bli rekna som "ingen skilnad" statistisk.

2.2.1. Trivsel med lærarane

Indeksen viser elevane sin trivsel med lærarane knytt til fag og i kva grad elevane opplever at lærarane er hyggelege.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.


Lokale mål

Skulen skal ta vare på elevane i eit trygt, utviklande og inkluderande miljø, der tydeleg klasseleiing er viktig.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole




Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Det er jamt over god trivsel med lærarane i Radøyskulen. Likevel: 7.steget viser ein tilbakegang dei siste åra, og skårar no litt dårlegare enn dei vi samanliknar oss med. Jamt over litt betre skår i 7.kl. enn i 10.kl. men 10.steget viser ein framgang dei siste åra, og skårar no litt betre enn dei vi samanliknar oss med.

Rådmannen er noko usikker på kor signifikante desse utslaga er, då det til vanleg er om lag 50 elevar som svarer på undersøkinga i kvart årskull.

2.2.2. Mobbing på skolen

Indikatoren viser den delen av elevane som fortel at dei har blitt mobba dei siste månadene.

Skala: 1-5. Låg verdi vil seie liten forekomst av mobbing.


Lokale mål

Radøy kommune har som mål at skulen skal vere fri for mobbing. Det er utarbeidd planar og prosedyrar for dette på kvar av skulane. Radøy er godkjent som "Lokalsamfunn i MOT". Barneskulane brukar Zero-programmet. Ungdomsskulen har Olweus-prosjektet som kvalitetssystem, og har bygd inn "MOT" og "Det er ditt val" i dette systemet.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole




Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Vi ser her at variasjonane i den siste femårsperioden er til dels store både på barnetrinnet og ungdomstrinnet.

Dessverre manglar vi data frå elevundersøkinga for 10. klasse våren 12, då undersøkinga ikkje vart gjennomført. Samstundes har vi data frå andre kjelder (ungdata) som viser høg grad av trivnad og lite mobbing, både i 8. og 10. klasse våren 12.

Alle skulane har fokus på dette - både med direkte trivselstiltak, og ved å satse meir på meistring for alle i fag. Viser også her til "La linea -tidleg innsats heile vegen". Der ligg det tiltak som særleg rettar seg inn mot arbeidet med tidleg meistring.

Elles kan ein vise til forskning som viser at antimobbeprogramma (Zero i barneskulane og Olweus + MOT i ungdomsskulen) ikkje er gode nok i seg sjølv. Ei felles forståing mellom alle vaksne partar i skulen for kva som gir auka trivsel for elevane, vil vere eit vesentleg bidrag til generell auka trivsel for barna. Ein "hellig allianse" mellom dei vaksne vil kunne avverge intrigar og uheldig framferd på sosiale medier, og også gjere det lettare å løyse slike saker raskt. Sosiale medier er nye arenaer for mobbeaktivitetar.

2.2.3. Fagleg rettleiing

Indeksen viser i kva grad elevane føler at dei får god rettleiing. Denne indeksen inkluderer i kor stor grad dei får vite korleis dei kan forbetre seg, og kva for krav det faglege arbeidet set.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål


Dei lokale måla byggjer på vurderingsføresegnene. Vurderinga skal vere framoverretta, i form av fagleg rettleiing slik at eleven får kunnskap om korleis han/ho kan utvikle kompetansen sin i faget.

Barneskulane er godt i gang med å utvikle eit felles system for vurdering. Ungdomsskulen hadde sitt system ferdig februar 2009, med revisjonar 14.04.09 og 10.05.10. Det vil vere naturleg med ein ny revisjon av vurderingspraksisen no, då det snart er 4 år sidan sist.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole




Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Her ser vi at verdiane for 7. klasse har ei negativ utvikling, frå svært høg skår til litt under samanlikningsobjekta, medan 10. klasse har ei positiv utvikling frå 08/09.

Med fokus på framoverretta rettleiing som eit vesentleg element i vurderinga, kan det tyde på at arbeidet med vurderingsystema har bidratt positivt til høg skåre på særleg 10.trinnet. Dette er eit langsiktig endringsarbeid, som vi vonar vil slå endå meir positivt ut i åra som kjem.

2.2.4. Meistring

Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.


Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål

Kunnskapsløftet av 2006 har klare føringar på at elevane skal ha tilpassa læringsopplegg. Det er eit viktig verkty for å gi elevane meistringskjensle. Lokalt vil det seie at praksis i skulestova må fremje personleg meistring. Å meistre lesing både teknisk og funksjonelt tidleg i skuleløpet, er grunnleggjande for å meistre generelt i skulen.

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole




Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Tilfredstillande resultat på dette området.

Forsking (Hattie 2009) viser at det å meistre tidleg er særskild viktig for framoverretta motivasjon for læring hjå elevane. Kvalitetsmelding 2011 tar dette opp som eit av dei viktigaste elementa når det gjeld resultatbetring i Radøyskulen. Eit av tiltaka i "La linea - tidleg meistring heile vegen", er å finne fram til det forskingsbaserte leseopplæringsprogrammet som gir best læringsresultat.

Skuleåret 2012/13 har lærarane fått opplæring i SOL (Systematisk Observasjon av Lesetame). Dette er ein metodikk som skal setja lærarane i stand til både å registrera kva leseproblem den einskilde eleven slit med, og å finna målretta tiltak i høve desse problema. Saman med innføringa av leseopplæringsplanen for Radøy er SOL det mest konkrete tiltaket som så langt har kome ut av "La linea".

2.2.5. Fagleg utfordring

Indeksen viser elevane si oppleving av faglege utfordringar i skolearbeidet.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.


Lokale mål

Kunnskapsløftet av 2006 har klare føringar på at elevane skal ha tilpassa læringsopplegg. Det er eit viktig verkty for å gi elevane nok utfordringar. Lokalt vil det seie at praksis i skulestova må styre dette.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole




Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Indikatoren var ny våren 12 for 7. klasse, og er relativt ny i 10. klasse. Saknet av data frå 10. klasse våren 12 er sterkt, då vi ikkje veit om endringa frå skuleåret 9/10 til 10/11 har halde fram, er reversert eller...?

Rådmannen vonar at fokuset vi heldt på klasseleiing vil føra til ei god utvikling på dette feltet. Den same effekten vil programmet for leseforedling kunna bidra til. God klasseleiing kombinert med auka meistringskjenle gjer elevane betre i stand til både å sjå, ta og å ønskje faglege utfordringar.

2.3. Resultat

Om Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

I tilstandsrapporten er desse resultatindikatorane obligatoriske:

- nasjonale prøver på 5., 8. og 9. steget i lesing og rekning
- standpunkt- og eksamenskarakterar i norsk hovudmål, matematikk og engelsk
- grunnskolepoeng

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med følgjande indikatorar i tilstandsrapporten:

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

- nasjonale prøver i engelsk på 5., 8. og 9. steget

Det er viktig når ein studerer data for Radøy, å sjå resultata opp mot at det er om lag 60 elevar pr årskull som svarer kvart år. Signifikansen til marginale endringar må vegast opp mot dette. I kommunar på denne størrelsen vil resultat på nasjonale prøvar variere med årskulla, då kvar einiskild elev utgjer ein relativt stor prosentdel av sluttresultatet. Kunnskap om dei einiskilde årskulla og elevane vil difor vere avgjerande når ein analyserer resultata på nasjonale prøver kvart år. I Radøy skjer den viktigaste analysen på skulenivå, i forhold til korleis kvar einiskild elev presterer sett opp mot andre vurderingar av eleven sin kompetanse.

2.3.1. Nasjonale prøver lesing 5. steget

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt: Elevane skal vise at dei kan:

- finne informasjon
- forstå og tolke
- reflektere over og vurdere form og innhald i teksten


Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

At alle elevar på dette steget skal ha relevant funksjonell lesetame.

Radøy kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

"La linea - tidleg meistring heile vegen" er bygd på forskning (hovudsakleg Hattie 2009), og St.mld 31(2007-20089). La linea viser ulike knekkpunkt i skuleløpet der det er typisk at fleire dett av lasset. Overgangen frå 4. til 5. trinn er eit slikt knekkpunkt. Diagrammet viser framgang i lesedugleik dei tre siste åra.

På nivå 1 vil ikkje eleven ha nok lesedugleik til å klare å tileigne seg tekstane i pensum i dei ulike faga. Nivå 2 gir heller ikkje god nok funksjonalitet i lesing til å gi høg måloppnåing i høve krava i Kunnskapsløftet - 06. Landsgjennomsnittet er også for dårleg med tanke på norske elevar sin kompetanse når dei går ut avgrunnskulen.

I arbeidet med nytt leseopplæringsprogram, har vi fått sjå skular som har greidd å snu utviklinga og få til tydelege betringar. Det nye forskingsbaserte leseopplegget - der ein både har fokus på byrjaropplæringa og vidare foredling av lesedugleik gjennom heile skuleløpet, vil forhåpentlegvis bety ei positiv endring for elevane i Radøy.

2.3.2. Nasjonale prøver lesing ungd. steg

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten


Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

Elevane skal ha god automatisert leseteknikk, og vere i stand til å reflektere over det ein les. Kunne lese for å lære. Kunne lese for underhaldning. På eit aldersadevat nivå.

Radøy kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

På ungdomstrinnet ser vi litt varierende resultat dei tre siste åra. Endringane frå år til år er likevel så marginale at det er vanskeleg å trekke konklusjonar hverken i den eine eller den andre retninga.

På ungdomsskulen vert det til vanleg arbeid med leseforedling ved å auke sjølve leseerfaringa, og å lære elevane god studieteknikk. Nytt program for leseforedling (SOL) vil gi skulen eit verkty til å synleggjere for kvar einskild elev korleis han/ho kan bli ein betre lesar.

Nasjonale prøvar (NP) i lesing består av ulike typar tekstar og måtar å framstille informasjon på. Noko av det vi ser for mykje av når vi rettar NP, er at mange elevar ikkje er gode nok på å hente ut informasjon frå samansette tekstar (t.d. tekst+figur+statistikk,etc..). Denne måten å presentere informasjon på finst over alt. Eit av svara våre i høve NP, er å bruke meir av slik informasjon i arbeid med ulike delar av elevane sitt pensum.

2.3.3. Nasjonale prøver rekning 5. steget

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag.

Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsrområde:

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning


Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

Elevane skal ha grunnleggjande tæme i rekning, og kunne nytta han til å løyse samansette matematiske oppgåver.

Radøy kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Med unntak av inneverande skuleår, har ein hatt ei fin utvikling dei seinare åra . Særleg gledeleg at vi dei siste åra har færre elevar på nivå 1 enn tidlegare. Regionalt er matematikk eit satsingsområde i tida

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

framover, og her lokalt i Nordhordland vert det jobba med å utarbeide eit tilbod om vidareutdanning i matematikk for barnetrinnet i samarbeid med NLA på Breistein

2.3.4. Nasjonale prøver rekning ungd. steg

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring,
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning


Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

Elevane skal ha grunnleggjande tæme i rekning, og kunne nytta han til å løyse samansette matematiske oppgåver innafor vanskegradar relatert til det klassesteget ein er på.

Radøy kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

I matematikk på 8. trinn har ein hatt ei negativ utvikling på dei to lågaste nivåa. Rett nok ser vi ei positiv utvikling frå skuleåret 10/11 til 11/12, men ho vert reversert i 12/13 og 13/14. Eit positivt poeng er det at ein har fått litt fleire elevar på dei to høgaste nivåa inneverande skuleår enn tidlegare år.

Det er viktig å ha klart før seg at testinga vert utført om hausten i 8. klasse. Arbeidet med å styrkja desse resultatata må såleis setjast inn på mellomsteget i barneskulen. Det er ønskjeleg å styrkja lærarane sin matematikk-kompetanse. Gjennom Norhordland kursregion arbeider vi derfor med å få til ei desentralisert vidareutdanning i matematikk i regionen.

2.3.5. Nasjonale prøver engelsk 5. steget

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytte til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Kan inneholde data under publiseringsgrense.


Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

God funksjonell lesedugleik i engelsk for alle elevane, relatert til krava på klassesteget.

Radøy kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Skuleåret 11/12 gjekk denne prøven ut i heile landet, grunna ymse tekniske problem knytta til gjennomføring av prøva. Skuleåret 12/13 ser vi det beste engelskresultatet vårt i 5. klasse nokonsinne. Inneverande skuleår er resultatet noko dårlegare, med fleire elevar på lågaste nivå og færre på høgste nivå.

2.3.6. Nasjonale prøver engelsk ungd. steg

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetanssmål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetanssmål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Kan inneholde data under publiseringsgrense.


Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

God funksjonell lesedugleik i engelsk for alle elevane, relatert til krava på klassesteget.

Radøy kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Utviklinga dei siste åra er blanda, men med ein tilbakegang inneverande skuleår. Vi har framleis for mange elevar på nivå 1 og 2. Det er ikkje enkelt å hente dette inn att så seint i skuleløpet. På desse nivåa kan ein finne mange elevar som har gått over tid og ikkje meistra.

Motivasjonsslitasje kan utgjere eit personleg læringshinder for ein del av desse elevane. Det største betringspotensialet generelt, ligg i å få fleire elevar over på nivå 4 og 5 i løpet av ungdomsskuletida. God tilrettelegging av læringsopplegget for elevar som slit fagleg, kan vere ein god måte å betre læringsutbyttet på. Føresetnadene er likevel alltid at eleven greier å motivere seg for å gjere den innsatsen som trengs. Med det nye systemet for leseforedling vi no tek i bru, kan det bli enklare å finne ut, og synleggjere, korleis den einkilde eleven kan få til å gjere det betre også i dette i faget.

2.3.7. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunkt karakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget


Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Lokale mål

At kvar elev får best mogeleg fagleg kompetanse ut frå eigne føresetnader, og slik kan vere i stand til å nå gode mål for seg sjølv og samfunnet.

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2012-13 | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole, 2012-2013

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Det ligg i evalueringa sin natur at ein ikkje får ei lik vurdering frå skule til skule eller landsdel til landsdel. Det er også naturleg at ein finn forskjellar m.o.t. standpunktkarakter og eksamenskarakter i same fag. Dette fordi standpunkt er basert på ein breiare og djupare kunnskap om eleven sin kompetanse enn kva ein "uniformert" eksamen kan avsløre. Dersom forskjellane er store og vedvarande, bør ein stille spørsmål ved vurderingspraksisen. Ein vanleg tendens på landsbasis er at snittkarakterane på standpunkt er høgare enn på eksamen.

Samanheng standpunkt - eksamen:

Vi ser at i matematikk er det stor skilnad mellom standpunktkarakter og eksamen. Slike avvik ser ein også hjå dei vi samaliknar oss med, men skilnaden er merkbart større i Radøy. Det må ein ta med seg inn i den vidare kvalitetsutviklinga av vurderingsarbeidet ved ungdomsskulen.

I norsk er skilnaden mellom standpunkt og eksamen på eit lågt nivå i Radøy, og klart mindre enn gruppene ein vert samanlikna opp mot.

I engelsk skil Radøy seg frå dei andre gruppene med å ha høgare snitt på eksamen enn på standpunkt.

Noko som ikkje går fram av ein slik statistikk, er skilnad som kan vere mellom klassar m.o.t. nivå. Standpunkt viser eit gjennomsnitt for alle klassane, medan eksamen viser resultat for den klassen som vart prøvd i dette faget.

Slik karakterstatistikk kan brukast av ungdomsskulentil å reflektere rundt nivåvurderinga i vurderingsarbeidet, med tanke på å sjå samsvar mellom standpunkt og eksamen.

2.3.8. Grunnskolepoeng

Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.


Lokale mål

Å vurdere elevane sin kompetanse i tråd med føresegnene, og med ein slik kvalitet at vurderinga gir eit mest mogeleg sant bilete av kva dei står for. Vidare er det eit mål at læringsopplegga skal gi kvar elev så optimal kompetanse i fag, at det gir positive utslag i grunnskulepoenga. Det er eit mål at våre elevar skal vere på same nivå når det gjeld grunnskulepoeng som andre samanliknbare grupper. Dette mellom anna på grunn av like konkurransevilkår i samband med opptak til vidaregåande opplæring.

Det bør vere eit lokalt mål rekruttere fleire lærarar til sensoroppdrag, både til munnleg og skriftleg eksamen. Skuleringa og oppfølginga av sensorar er kanskje den beste opplæringa ein kan få når det gjeld karaktergjevande vurderingspraksis.

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole



Radøy kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Radøy ungdomsskule har laga eit system for vurdering som skal ivareta krava i føresegnene, og syte for ein relevant kvalitet i vurderinga. Tilsette, elevar og foreldre/føresette får kursing i systemet. Dette er viktig for å bidra til at alle som deltar i læringsarbeidet, skal ha mest mogeleg lik forståing av kva kompetansevurdering er - og kva krav føresegnene set til slik vurdering.

Vi skal vere obs. på at grunnskulepoenga er rekna ut på gjennomsnittet av standpunkt x 10. Dersom det skulle vere relevant å samanlikne desse poenga, burde ein vere trygg på at det er ein lik vurderingskultur på alle skular og kommunar. Det er det ikkje - og då kan ein sjølv sagt stille spørsmål ved nytten av slik direkte samanlikning. Det kan likevel vere av ein viss verdi å sjå seg sjølv opp mot andre relevante kommunar, i forhold til om ein har store avvik den eine eller den andre vegen. Store avvik kan vere eit teikn på at ein må sjå på og evaluere eigen vurderingspraksis.

Sett over tid ligg Radøy ganske så stabilt når det gjeld grunnskulepoeng. Variasjonen mellom 2008 - 2013 er 1,1 poeng, og samanlikna med andre relevante grupper er vi heilt på snitt med dei.

2.4. Gjennomføring

Om Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksamining frå grunnskolen.

Lokale mål

At alle elevane skal gjennomføre vidaregåande opplæring

Radøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2012 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	Radøy kommune skoleeier	Kommunegruppe 02	Hordaland fylke	Nasjonalt
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskole	95,3	98,7	98,5	97,8

Radøy kommune skoleeier, Grunnskole, 2012-2012

Vurdering

Våren 2013 deltok Radøy ungdomsskule i "Ny Giv", eit nasjonalt program som skal styrkja oppslutninga om, og gjennomføringa av, vidaregåande skule.

Generelt er 4,5 % som ikkje tek til på VGS eit høgt tal, men dersom dei td. går på folkehøgskule er det knapt eit problem. Slike opplysningar har vi ikkje pr i dag.

Sett frå eit overordna samfunnsperspektiv, vil kanskje graden av gjennomføring av vidaregåande utdanning, vere den viktigaste kvalitetsindikatoren å måle Radøyskulen opp mot. For å kunne gjere det treng vi andre og meir omfattande verkty enn det vi har i dag. Kvalitetssystemet PULS, utvikla av Conexus, er pr i dag det einaste dataverktyet som er utvikla eine og aleine med tanke på å betre kommunar og fylkeskommunar sitt kvalitetsarbeid i skulen. Skuleeigarane i Nordhordland er no i ferd med å utrede om ein skal ta i bruk dette kvalitetssystemet.

3. System for oppfølging (internkontroll)

I Kvalitetsmelding 2011 har Radøy fått eit system for oppfølging etter Opl §13-10. Det er tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Kvalitetssystemet PULS, utvikla av Conexus, er pr i dag det eit av få dataverkty som er utvikla eine og aleine med tanke på å betre kommunar og fylkeskommunar sitt kvalitetsarbeid i skulen. Skuleeigarane i Nordhordland er no i ferd med å vurdere om ein skal ta i bruk dette kvalitetssystemet.

4. Konklusjon

Kvalitetsmeldinga frå 2011 drog opp retninga for det vidare arbeidet med å utvikla skulen i Radøy. Kvalitetsmeldinga har ein tiltaksdel som byggjer på nyare forskning om kva som verkar når det gjeld å betre elevane si læring. Tiltaksdelen har fått namnet "La linea". Det er gjort for å skape eit eintydig omgrep for ei tverretatleg satsing m.o.t. tidleg innsats i følgje med barna frå svangerskap til dei går ut av grunnskulen. La linea har både ei kortiktig og ei langsiktig intensjonskraft som skal verke gjennom eit tverretatleg og systemisk arbeid. Det er viktig å sjå på dei årlege tilstandsrapportane som løypemeldingar langs det langsiktige perspektivet i La linea. Dersom vi lukkast godt med det systemiske arbeidet, skal implementering av tiltaka gradvis gi ei langtidsverkande positiv utvikling for borna i Radøy. Dei to første store satsingsområda som er henta frå La linea er etterutdanning i klasseleiing og felles opplegg for leseopplæring og leseforedling.

Etterutdanning i klasseleiing for alle lærarane i Radøy, og i tillegg alle assistentane ved Radøy ungdomsskule, gjekk ein i gang med i november 2011, og og vart følgd opp med to dagar i vårsemesteret 2012. Dette temaet er så sentralt i forhold til skuleutvikling, at det må haldast varmt kontinuerleg.

Felles opplegg for leseopplæring for alle elevane i Radøy, og ein felles strategi for leseforedling gjennom heile grunnskuleløpet, var det andre hovudsatsingsområdet. Arbeidet med å få dette på plass tok til straks Kvalitetsmeldinga låg føre medio april 2011, og er leia av PPT i Radøy. I desse dagar er opplæringa gjennomført, og innføringa av SOL (Systematisk Observasjon av Lesetame) er gjort. Det er noko ulikt kor langt implementeringa av SOL har kome på skulane, og difor må ein framleis ha tett fokus på dette området framover.

Det skjer mykje langs La linea - både når det gjeld implementering av dei tiltaka som var skisserte pr. medio april 2011, og når det gjeld påfyll av nye aktørar og tiltak. La linea er lagt ut på kommunen si heimeside, og skal vere "levande" slik at alle som ønskjer det, kan følgje med i utviklinga. For å få eit bilete av alt som er på gang, må ein først setje seg inn i Kvalitetsmelding 2011 - frå s. 30 til 45, og så samanlikne med ferske versjonar av La linea.